
Fra: Hans Kenneth Sundsbø <sundsbo.fpk@gmail.com>
Sendt: 3. mars 2017 12:18
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Astrid Aarhus Byrknes; Hogne Haugsdal
Emne: Sak: Bustadfeltet i Alvermarka treng ei utbetring av veglys på sine regulerte offentlege vegar og gangvegar

Til Lindås
Kommune
03.03.2017

Alvermarka

Bustadfeltet i Alvermarka treng ei utbetring av veglys på sine regulerte offentlege vegar og gangvegar

Vi viser til tidlegare mail fra Alvermarka velforening om «**vedlikehaldsbehov på bustadsfeltet sine regulerte offentlege opparbeidde snarvegar og gangvegar**», sendt 20.02.2017.

Styret i Alvermarka velforening har fått mange tilbakemeldingar på manglende lys og belysning i byggefeltet, dette gjeld både veglys og lys i gangvegane. Alvermarka er no eit bustadfelt med særstak stor tettheit av småbornsfamiliar. Ei betring av lysforholda er difor særleg viktig med tanke trafikk-tryggleiken for alle skuleborna som bur i området. I bustadfeltet er det på vinterstid svært mørke felt som born og ungdom kvier seg for å gå gjennom. Dette veit vi fører til at foreldre kører borna til skulen og til andre aktivitetar. Manglende lys fører lett til trafikk-farlege situasjonar, og gjev fotgjengarar på vinterstid ei oppleving av uhyggje og manglende vedlikehald.

Dette ynskjer vi i Alvermarka velforening å gjera noko med, og tek derfor kontakt med Lindås kommune for bistand i denne saka. Lindås kommune er ei kommune som fokuserar på trafikk-tryggleik, spesielt for våre mjuke trafikkantar, og trygg skuleveg er også eit prioritert område. Utbetring av lysforholda i Alvermarka kan gjennomførast med ulike midlar, både lys på eksisterande stolper og nye stolper med lys.

I februar var 2 stk. i styret i Alvermarka Vel på synfaring for å sjå kor hen det mangla gatelys.

Vi fann ut at det er 3 område som bør prioriterast:

1. Gangvegen som går mellom **Alvermarka 40 og 42 til Buheim**. Her er ikkje lys, og ikkje stolpar. Der bør komme iallfall 3 lyktestolpar. I tillegg er det behov for iallfall 2 lyktestolpar mellom **Buheim 8 og 12**.

2. Gangvegen som går rett nord for **Alvermarka 31 opp til Lyngmarka**. Her bør komme i allfall 4-5 lyktestolpar. I tillegg bør det komme lykt på stolpen i krysset mellom **Lyngmarka 32 og 16**.
3. **Rishaugane** manglar veldig mykje lys. Her er stolpar utan lykter heile vegen frå **Rishaugane 13 til 29**, dvs. 5 stolpar som MÅ få lykter på seg. I tillegg bør der komme lys i gangveg /trapp som går ned til **Risdalen**. Det er også behov for lykter på stolpane ved **Rishaugane 9 og 7**, og særleg ved inngangen til gangvegen som går til Stølsmarka.

Alvermarka velforening ber no om at Lindås kommune tek dette på alvor våren 2017 og set arbeidet i gang med ferdigstilling før hausten 2017. Me ber og om tilbakemelding frå rette instans i Lindås kommune innan tre veker kortid kommunen kan gjera dette arbeidet.

Medlemmer i styret i Alvermarka velforening tek gjerne ein synfaring i lag med kommunen dersom det er behov for det.

Vi ser fram til samarbeid med Lindås kommune angåande denne viktige saken.

Med venleg helsing

Hans Kenneth Sundsbø
Leiar i Alvermarka velforening

KOPI:

Ordførar i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes
Ass. rådmann i Lindås kommune, Hogne Haugsdal